

MELAND KOMMUNE  
Postboks 79  
5906 FREKHAUGDato: 20.11.2018  
Vår ref.: 2018/16307-3  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.: 18/2577 - 18/23270

## **Kulturminnefagleg fråsegn - Nedre Tveit – gnr. 12 bnr. 2 og 3 – dispensasjon - mottak av overskotsmassar til jordforbetring - Meland kommune**

Visar til brev datert 05.11.2018 og oppdatert kart mottatt 20.11.2018 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne av høg regional eller nasjonal verdi som kjem i konflikt med tiltaket. Me har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under påføring av massar søkjer å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer me merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltningstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil verta utført så raskt som råd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*